

Elins Matgleder med påskekafè.

17.03.2017



Det vert nok mange som tar turen innom her framover.

Elin Enes er mest ustoppelig! Det skjer ofte positive tiltak rundt henne og verksemda hennar Elins Matgleder. Nyleg opna ho den spennande silobutikken, og i påska slår Elins Matgleder til med påskekafè i 2.etasje på bakehuset der gjestene kan setja seg ned og nyta kaffi og rykande ferske kaker og andre bakarvarer.



Det vert nok travelt, men kjekt for Eilns Matgleder framover.

Fram til påske vil Elins Matgleder ha vanleg laurdagsope kvar laurdag. I påsken startar det med å vera ope palmelaurdag(10-14). Vidare vert det ope mandag, tirsdag(10-16), onsdag(10-15) og påskeafta(10-14). Elles kan kundane vita at Elin er på jobb kvar dag så det er berre å stikka innom, men det er dei nemnde opningsdagane ho har fersk gjærbakst.

Alle opningsdagane er det nybakte brød og kaker, og i tillegg er bakehuset fullt av delikatessar, skikkeleg kaffi, te, krydder, honning og kjeks og meir. Den nye silobutikken er full av flotte interiørvarer. Elin har god hjelp av eldstedottera Anine, og ho vert å treffa bak disken dei fleste dagane.

I 2.etasje i bakehuset dukkar altså det nye tiltaket påskekafèen opp. Det vil eg tru vil gjera det endå meir populært å ta turen til Elins Matgleder enten ein bur fast her i Kvinnherad eller ein er heime på påskeferie.

Elin legg elles til at ho bakar brød kvar laurdag frametter. Dei er ferdig steikte kl.8 så det er berre å stikka innom om ein ønskjer rykande ferske brød til helge frukosten.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Svein Rimestad.